

Saksnr 11/16	Utval Formannskapet	Møtedato 13.04.2016
23/16	Kommunestyret	28.04.2016

STORDPAKKEN

Framlegg til innstilling:

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med ein Stordpakke som skal ha som føremål å delvis bompengefinansiera viktige kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt slik det går fram av notatet «prinsippsak Stordpakken».

Kommunestyret føreset å koma tilbake til bompengesystem, bomplasseringar, kva prosjekt som skal vera med, prioritering, kommunal eigendel m.v. ved den endelege lokalpolitiske handsaminga og tilrådinga.

Saksprotokoll i Formannskapet - 13.04.2016

Innstilling

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med ein Stordpakke som skal ha som føremål å delvis bompengefinansiera viktige kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt slik det går fram av notatet «prinsippsak Stordpakken».

Kommunestyret føreset å koma tilbake til bompengesystem, bomplasseringar, kva prosjekt som skal vera med, prioritering, kommunal eigendel m.v. ved den endelege lokalpolitiske handsaminga og tilrådinga.

Handsaming

Tilrådd med 8 mot 1 røyte (Frp)

Saksprotokoll i Kommunestyret - 28.04.2016

Vedtak

Kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeidd vidare med ein Stordpakke som skal ha som føremål å delvis bompengefinansiera viktige kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt slik det går fram av notatet «prinsippsak Stordpakken».

Kommunestyret føreset å koma tilbake til bompengesystem, bomplasseringar, kva prosjekt som skal vera med, prioritering, kommunal eigendel m.v. ved den endelege lokalpolitiske handsaminga og tilrådinga.

Handsaming

Vedteke med 29 mott 6 røyter (Frp og STL)

Dokumentliste

X	29.09.2014		VS: Kart Stordpakken
S	19.02.2016		Stordpakken
X	28.11.2011		Innkjøp under 500.00,-
U	30.11.2011	Helge Hopen m.fl.	Stordpakken. Førespurnad om tilbud på kjøp av konsulenttenester
I	02.12.2011	Norconsult AS v Duun Hans Petter	RE: Stordpakken. Førespurnad om tilbud på kjøp av konsulenttenester
I	23.11.2011	Statens vegvesen Region vest v Helge Oddvin Sandvik	Ansvar og roller svv og eksterne
U	08.12.2011	Norconsult m.fl.	Tilleggsinfo til tilbydarar som vedkjem Stordpakken. Førespurnad om tilbud på kjøp av konsulenttenester" .
I	10.12.2011	Sivilingeniør Helge Hopen AS	Tilbud Stordpakken
I	12.12.2011	Nordconsult AS v Hans PetterDuun	Stordpakken. Førespurnad om tilbud på kjøp av konsulenttenester
I	08.12.2011	Cowi AS v/Knut Ekseth	RE: Tilleggsinfo til tilbydarar som vedkjem Stordpakken. Førespurnad om tilbud på kjøp av konsulenttenester"
U	16.12.2011	Norconsult AS m.fl.	Tildeling av oppdrag: "Stordpakken - konsulenttenester."
X	16.12.2011	Ottar Tvedten	Innkjøpsprotokoll Stordpakken 16.12.11
X	22.12.2011	Sivilingeniør Helge Hopen as	Kjøpsavtale - konsulentteneste
U	16.12.2011	Nnorconsult	Tildeling av oppdrag: "Stordpakken - konsulenttenester"
U	16.12.2011	Sivilingeniør Helge Hopen AS	VS: Møte om Stordpakken
X	08.03.2012		VS: Stordpakken - oppsummering fra møte onsdag 22.2
I	23.03.2012	Sivilingeniør Helge Hopen AS	Stordpakken - arbeidsnotat 1. Trafikkgrunnlag, bompenge system og finansiering
I	07.06.2012	Statens Vegvesen, Haugaland og Sunnhordland distrikt avd Stord	Stordpakken
I	06.12.2012	Sivilingeniør Helge Hopen AS	Referat frå arbeids møte om Stordpakken 22.11.2012
I	18.04.2012	Sivilingeniør Helge Hopen AS	Stordpakken - oppsumemring fra møte 18.4.2012
I	22.03.2013	Statens vegvesen	Referat frå møte om Stordpakken 20.3.2013
I	05.07.2013	Statens vegvesen	Referat frå møte 25.06.2013
I	12.09.2013	Statens vegvesen	Referat 10.09.2013 møte på Stord
I	17.11.2014	Statens vegvesen	Referat fra arbeidsgruppemøte 11.11.2014
I	13.01.2016	Statens vegvesen	Referat møte om Stordpakken 2016-01-13
I	17.02.2016	Hordaland fylkeskommune, Samferdselsavdelinga	Behov for avklaringar om Stordpakken : 23. februar kl. 15:30 på Fylkeshuset
I	09.03.2016	Hordaland fylkeskommune	Referat frå møte om Stordpakken 23.02.16

Vedlegg

Prinsippsak Stordpakken
Stordpakken referat 230216

Innleiing (bakgrunn for saka)

Arbeidet med ein Stordpakke starta i 2011 med grunnlag i kommunestyret sitt vedtak i saka om forstudie for E39 på strekninga Heiane – Ådland. Pkt.3 og 5 i kommunestyret sitt vedtak i møte 08.12.2010, sak 80/10, seier at kommunestyret stiller seg positiv til å nytta lokal finansiering basert på bompengar og at prosjektet oppgradering av E39 med tilførselsveggar vert marknadsført som «Stordpakken».

Før ein bompengepakke og søknad kan leggjast fram for kvalitetssikring i Vegdirektoratet og deretter for politisk handsaming i kommune og fylkeskommune og før endeleg handsaming i Stortinget må det liggja føre vedteken reguleringsplan for minst eit av dei store prosjekta i pakken. På det tidspunktet prinsippvedtaket i kommunestyret vart gjort låg det ikkje føre reguleringsplanar korkje for ny E39 eller for nokon andre aktuelle prosjekt.

Då arbeidet med Stordpakken starta var det E39 som var det store prosjektet i pakken og ein avventa vidare arbeid med pakken til arbeidet med kommunedelplan for E39 for denne strekninga var kome godt i gang.

Arbeidet med kommunedelplanen for E39 på denne strekninga starta i 2014. Retningslinene og føringane for planarbeidet for den nye E39 hadde då endra seg og det var ikkje lenger aktuelt å delfinansiera denne delen av E39 gjennom ein lokal bompengepakke. Det er no lagt opp til at E39 – prosjektet skal finansierast som ein del av ferjefri E39. Ein står då framfor spørsmålet om korleis ein skal få finansiert og bygd dei viktige lokale prosjekta på dei fylkeskommunale og kommunale vegane som og var føresett å vera ein del av den lokale bompengepakke som frå starten av som nemnt hadde E39 som det store prosjektet.

Rådmannen meiner det framleis er viktig å få på plass ein Stordpakke for innan rimeleg tid å få gjennomført viktige kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt. Men då grunnlaget for ein Stordpakke er endra sidan prinsippvedtaket i 2010, finn rådmannen det rett å leggja fram ei ny prinsippsak for politisk handsaming før arbeidet med pakken vert ført vidare.

Arbeidet med pakken har så langt skjedd i samarbeid mellom kommunen, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune. Formannskapet har i to møte vore orientert om status i arbeidet.

Saksutgreiing (fakta, saksopplysningar)

I prinsippaksa som no vert lagt fram er det gjort nærare greie for bakgrunnen for saka og for prosessen rundt bompengefinansiering, aktuelle prosjekt, trafikkgrunnlag og trafikkstraumar, moglege bomplasseringar, bompengesystem og rammer for ein finansieringsplan. Det er og med eit avsnitt om korleis finansieringa av den nye E39 er tenkt og korleis den vil/ kan påverka trafikken på strekninga og i området mellom Heiane og Ådland/ Nordre Tveita.

Som det går fram av prinsippaksa er kostnadane for den førebelse prosjektporteføljen i Stordpakken rekna til 1 milliard. Det går og fram at prosjektet Tysevegen og deler av sykkelstamvegen langs noverande E39 kan verta finansiert og bygd som del av den nye E39 på strekninga. Prosjektet Tysevegen er ny veg i forlenging av Tysevegen i bru over Frugardselva og fram til Sævegen/ Øvre Sæ. Prosjektet er tenkt å erstatta noverande forbindelse over Ådland når ny E39 vert bygd og vil elles avlasta Skrivarvegen og vegen over Ådland.

Både sykkelstamvegen og ny Tyseveg er viktige prosjekt uavhengig av E39 og er difor teke med i prosjektportefølgjen for Stordpakken. Prosjekta vil verta trekt ut av Stordpakken dersom bygging av ny E39 startar før ein elles er klar til å starta på desse prosjekta.

Den førebelse prosjektporteføljen omfattar elles miljøgateprosjektet Fv544 frå Vabakkjen til Øvre Sæ. Prosjektet omfattar sykkelveg på heile strekninga, miljøgate frå rundkøyringa i Hamnegata/ Vikabrekko til Øvre Sæ/ Kunnskapshuset og busshaldeplassen/ kollektivknutepunktet i sentrum.

Andre viktige prosjekt er Litlabøvegen, Sagvågsvegen frå Sagvåg til Heiane og diverse mindre sykkelveg- og gang-/ sykkelvegprosjekt. I prosjektet Litlabøvegen ligg gang-/ sykkelveg på heile strekninga men og ei oppgradering av sjølve køyrevegen til fullgod tofelts veg og med busshaldeplassar som tilfredsstillir dagens krav. Det same gjeld og for Sagvågsvegen og for fleire av dei aktuelle mindre sykkelveg- og gang-/ sykkelvegprosjekta. I det vidare arbeidet med bompengepakken vil ein konkretisera kva sykkelveg- og gang-/ sykkelvegprosjekt som vil verta foreslått i pakken.

Vurdering

Rådmanen ser at Litlabøvegen, Sagvågsvegen, miljøgateprosjektet Vabakkjen – Øvre Sæ og aktuelle sykkelbyprosjekt m.m. er så store og tunge prosjekt at dei vanskeleg kan finansierast og gjennomførast innan rimeleg tid utan delvis bompengefinansiering. Rådmannen meiner ein difor må jobba vidare med ein Stordpakke slik det er lagt opp til og slik det er tilrådd i prinsippaksa.

Rådmannen meiner ein og må leggja til grunn at det vert vanskeleg isolert sett å ha ein bompengestrekning berre på den nye E39 mellom dei to nye toplankryssa i Heiane/ Meatjørnområdet og Ådland/ Nordre Tveitaområdet slik det vert lagt opp til utan at ein samtidig og har bompengar på det tilliggjande lokalvegnettet. Dersom det ikkje og vert bompengar på lokalvegnettet, vil ein ikkje kunna unngå at mykje av trafikken mellom Heiane og Ådland/ Nordre Tveita vil velja lokalvegnettet.

Økonomiske konsekvensar

Ein Stordpakke kan medføra ein kommunal eigendel. Dette vil ein koma tilbake til når forslaget til bompengepakke og bompengesøknad vert lagt fram for lokalpolitisk handsaming. Ein bompengepakke vil og innehalda ein fylkeskommunal eigendel. I prinsippssaka er det gjort nærare greie for dette.

Miljømessig konsekvens

Alle tiltaka som er tenkt gjennomført vil ha positive konsekvensar for miljøet.

Folkehelse

Alle tiltaka som er tenkt gjennomført vil ha positive konsekvensar for folkehelsa.

Universell utforming

Omsynet til universell utforming vil liggja til grunn for planlegging og gjennomføring av alle prosjekta i Stordpakken.

Beredskap

Omsynet til beredskap og risiko- og sårbarheitsvurderingar vil liggja til grunn for planlegging og gjennomføring av alle prosjekta i Stordpakken.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret sluttar seg til at det vert arbeid vidare med ein Stordpakke som skal ha som føremål å delvis bompengefinansiera viktige kommunale og fylkeskommunale vegprosjekt slik det går fram av notatet «Prinsippsak Stordpakken».

Plan for gjennomføring

Dersom kommunestyret sluttar seg til at det skal arbeidast vidare med ein Stordpakke, vil det verta utarbeidd eit endeleg fagleg grunnlag i samarbeid mellom kommunen, vegvesenet og fylkeskommunen. Det faglege grunnlaget skal så kvalitetssikrast av Vegdirektoratet og deretter vert det oversendt for lokalpolitisk handsaming. Den lokalpolitiske handsaminga er den endelege handsaminga i formannskapet og kommunestyret. Dersom kommunestyret vedtek at ein skal søkja om å få etablert ein Stordpakke går søknaden vidare til fylkeskommunal handsaming og deretter til Samferdselsdepartementet som førebur proposisjon for Stortinget.

Når det gjeld vidare framdrift dersom kommunestyret no sluttar seg til at ein skal arbeida vidare med ein Stordpakken, så kan ikkje det faglege grunnlaget og den endelege søknaden gjerast ferdig for kvalitetssikring og vidare handsaming før det ligg føre vedteken reguleringsplan for minst eit av dei store prosjekta i pakken. I dag er det ikkje reguleringsplan for nokon av prosjekta, men reguleringsplan for miljøgata og for sykkelveg frå Heiane til Vabakkjen er i arbeid og vil verta lagt fram for 1. gongs handsaming før sommaren. Det vert vidare arbeid for å få løyvd planleggingsmidlar slik at ein kan starta reguleringsplanarbeid for Litlabøvegen i 2017.